

PROTOKOLL

REGIONUTVALG NORD-NORGE		
Møtested:	Scandic Hotel Tromsø	
Dato/tid:	15. mars kl 10.00 – kl 15.30	Protokoll: 01/16
TIL STEDE:		
Arbeidsutvalg Nord-Norge:	Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Morten Fredriksen, Ragnhild Engan, Merethe Sund, Endre Østbø og Svein Slåtsveen.	
Regionutvalg Nord-Norge:	Bjørn Tore Søfting, Markus Heiberg, Andreas Mathilassi, Jon Evald Hætta, Morten Fredriksen, Ivar Enoksen, Paul Johansen, Siri Folven, Audun Johnsen, Steinar Gamst, Per-Arne Slettmo, Elbjørn Pettersen, Tom-Christer Nygård, Vegard Svendsen, Sølvi Christensen, Birgitte Rørvik Bruun, Rune Sandvik, Leif Kåre Hansen, Grete E. Arntsen, Gunnar Fredriksen, Willy Andre Wold, Einar Kristiansen, Fred Tore Fagereng, Sissel Haraldsvik Johansen, Glenn Knædal, Jan Gunnar Eilertsen, Ragnhild Engan, Ole Magne Berg, Bjarne Johansen, Jan Storteig, Frøydis Forsmo, Jan Albert Steindal, Jørn Ellingsen, Wanja Rakvaag, Øyvind Knapstad, Sigurd Langfors, Endre Østbø, Olaf Paulsen, Bente R. Børshheim, Peter D. Nikolaisen, Merethe Sund, Bernt Andreassen, Roy Harry Dypaune, Gro Estensen, Berit Hundåla, Frode Bjørnå og Trygve Fridheim.	
Valgkomité Nord-Norge:	Einar Kristiansen, Wanja Rakvaag, Jon Arne Johansen, Jan Håland og Øyvind Knapstad	
Andre:	Arne Magnus Aasen (sentral valkomité)	
Forfall:	Jan Håland, Mona Henriksen, Anton Sandmo (vara Ivar Enoksen møtte), Trond Vidar Jenssen, Ninni Monsen, Hans-Marius Walør (vara Tom-Christer Nygård møtte), Bernhard Halvorsen, Øivind Hansen (vara Leif Kåre Hansen møtte), Elin Hansen Vik, Tove Benjamin, Ketil Christoffersen, Kjell Magne Sandmo, Merethe Hjerpbakk, Liv Kari Huskebakk, Odd Even Pedersen, Kåre M. Gjesbakk, Jens Rydsaa, Sigfred Grønbech (vara Bernt Andreassen møtte), Eli Horsberg, Harald Nilssen, Olav Elsvatn, Lillian Sæterstad, Else Norheim (sentral valkomité, Arne Magnus Aasen møtte) og Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen).	
Konsernstyret:	Teig Madsen	
Administrasjonen:	Hans Thorn Wittussen, Svein Inge Jakobsen, Arne Flatmo, Pål-Kenneth Løvås og Brit Kari Eidseflot Hauger	
Referent:	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
1	<p>Konstituering av møtet</p> <p>Bernt Mikalsen ynskte velkommen og Brit Kari Eidseflot Hauger føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Innkalling og sakliste vart godkjent.</p> <p>Birgitte Rørvik Bruun og Øyvind Knapstad vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</p>

2	<p>Årsmelding og rekneskap for Nortura SA</p> <p>Teig Madsen orienterte om føremålraparagrafen, rekneskap, balanse, forslag til disponering av årsresultatet, daglegvaremarknaden pr veke 9, industrialsal med god volumindeks, PROFF med god skuv, rekordrask nedbygging av lager og at tilførslane aukar også i 2016.</p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling.</p> <p>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Berit Hundåla, Einar Kristiansen, Jon Arne Johansen, Siri Folven, Bente Børsheim og Bjørn Tore Søfting.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilførselsmarknaden og varsle prisreduksjon på småfe: Er det gjort nok for å få ut lager, med marknadsføring, nye produkt, blandingsprodukt? Må gjerast noko aktivt for å redusere lager før ny sesong. Gjort noko med lam til grillsesongen? • Vi får betalt etter kvalitet hos TINE og rabatt hos FK. Botnlinje og tilleggsytingar: Botnlinja kunne vore 815 mill totalt. I dei andre selskapa 60 % til etterbetaling, ville ha styrka EK ytterlegare med same praksis i Nortura. Spørsmål om kva tilleggsytingane får å seie for kvalitet på slakta. Går no til nokre store leverandørar for at dei skal levere Nortura framfor konkurrent. Ville vi misst leverandørar ved å betale ut likt til alle? Alle bør få lik del av overskotet, og betra finansiering av selskapet ved å halde tilbake 40 % av overskotet. Vi eigarar tømer no selskapet kvart år. • Fornøgd med å vere på Nortura-laget, er gjort god jobb i krevande tid med fornying av industri. Avskrivingane er redusert dei siste åra, er det brukt same sats alle åra? • Har vi tilsvarende tal for slakting siste tida for regionen? • I min krets hadde ein venta i over eit år på kalv, utan tilbakemelding. Er det fortsatt overskot av kalv i Finnmark? • Nord-Norge trekket: På tide å gjere ei ny vurdering av dette. <p>Teig, Hans Thorn og Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Vedtak: Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering.</p>
3	<p>Revitalisering av kretsmøta</p> <p>Bernt orienterte om kretsane sine tilbakemeldingar.</p> <p>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Vegard Svendsen, Paul Johansen, Berit Hundåla, Øyvind Knapstad, Einar Kristiansen, Frøydis Forsmo, Merethe Sund, Leif Hansen og Jan Gunnar Eilertsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka oppmøte med fellesmøte med FK. Vert for utfordrande med tid til å kome med innspel, må utvide tidsrammene. Positivt med 2-dagers møte med fag. Viktig med orientering også om kva som skjer lokalt, på anlegget. Engasjerer, nyttig med lokal bolk. Kan absolutt gå for elektroniske val. • Positiv til 2-dagers møte med kretsmøte og fagmøte. Hurtigrutetur frå Tromsø til Svolvær og retur er råd. Elektronisk val kan føre til at ein misser kontakt med grasrota, men er nok framtidia. • I mange kretsar er kretsmøtet i februar einaste som skjer, evt samarbeid med andre faglag og org. Er godt oppmøte på fagmøte med t.d. tema livdyr. Er to ulike typar møte, med valmøtet i februar og fagmøte i november. God ide å kutte regionmøte på hausten, og bruke det på krets i staden. Hurtigruta: Ganske dyrt for enkeltperson frå Bodø til Tromsø med Nord-Norsk landbruksråd. Gode faglege innslag på møta er viktig, med rette foredragshaldarar. Felles kretsmøte med t.d. FK: I Vefsn/Grane hadde FK møte dagen etter Nortura, har ulike kretsgrenser. Fører til redusert oppmøte med møter etter kvarandre.

	<p>Samarbeid med samvirkeorg kan vere positivt. Peis på med elektronisk val! Heilt OK som t.d. i Gjensidige.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ikkje så godt oppmøte i februar, men kolliderer med vinterferien. Har haustmøte med fag med 3 gonger så mykje oppmøte. Må vere innhald og matnyttig for å få oppmøte. Elektronisk val går vi for. • Vere lurt å prøve ein Finnmarksmodell, enten fylkesvis møteplass eller anna. Hurtigruta er prøvd av Nord-Norsk landbruksråd, men begrensing med eigenandel. Må då sjå på anløp og ikkje fylkesgrenser. Lurt med fellesmøte. Usikker på elektronisk val, vil sakne debatt om den som stiller til val, må ha fyldig presentasjon av kandidatar. Må vere nøyde på gode tema for å få oppmøte. Eigarane må vere invitert til å diskutere årsmelding og rekneskap. • Nokre plassar kveldsmøter og nokre plassar dagmøter. Forslag i min krets på oppfrisking. Kan få til møte med FK, men ikkje så god oppslutning på dagtid truleg. Fagmøter: Når du er ung reiser du på mange møter, men eldre generasjon sit heller heime. Hos oss få av dei unge, og må ha med oss dei som er eldre. Er vanskeleg å fenge alle. • Kretsmøta: Vi som eigrar bør vere interessert i status for selskapet vårt. Kan elektronisk val verte ei unnskyldning for ikkje å stille på møte? Misser vi kontakta med grasrota med større møter? • Fagtema er viktig. Kor mange avløysarar har vi tilgjengeleg? Får ikkje opp oppmøteprosenten med eit møte i kvart fylke. Alle kan ikkje reise i frå. • Må vere obs på store reiseavstandar. Gode fagmøter for 2-4 kretsar kan vere løysingar, får ikkje med medlemsgassen. Må overveie kva som skjer med engasjementet med elektronisk val. <p>Vedtak: Regionutvalet tek oppsummeringa frå kretsmøta si behandling av revitalisering av kretsmøta til orientering. Innspela frå regionutvalet vert tatt med i det vidare arbeidet.</p>
4	<p>Nortura er midtvegs i ein ambisiøs strategiperiode – når vi måla?</p> <p>Hans Thorn orienterte om strategiplanen og at fyrste milepål i strategien er nådd. Utfordringar med utanforståande faktorar, men forbrukartrender skaper nye mogelegeheter. Vidare om forventa utvikling i detaljsal, strukturert arbeid med inntektsvekst, Nortura spelar ei heilheitleg rolle i kategorivekst og reagerer på trendane i marknaden, salsfremjande kampanjar, kjedetilpassa produkt, ny 2-årig avtale med Coop, nye salskanalar for merkevarene, Kjøttcompagniet, innovasjonsfokus i strategiperioden, innovasjonsprosjekt som vert realisert i 2016 og nye initiativ som enzymatisk hydrolyse, potensiale i protein, produkt av Grasfôra kyr, vekst på ikkje-tradisjonelle område som kjøtfrie produkt, og vidare langsiktig arbeid med forsking og utvikling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Endre Østbø, Audun Johnsen, Jon Arne Johansen, Berit Hundåla og Frøydis Forsmo.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Spørsmål om kampanjeplanane. Er småfeprodusent, og siste 2 åra har salet gått ned, og er hovudårsaka til overskotet. Synest vi har vore litt for sein med salsutvikling på småfe. Likar ikkje at vi satsar så lite på grillsesongen. Finnast fleire produkt enn dei tradisjonelle vi har i dag. • Flott at vi får info om trendar i samfunnet. Brennpunkt-program viste intensivt jordbruk i Norge, basert på stor del importert råstoff. Samtidig kjempegodt produkt med sau/lam, kan leverast tidleg i sesong direkte frå fjell- og grasbeite. Bør i større grad marknadsførast som grasfôra lam. Lamma direkte frå beite bør i større grad profilerast som naturbasert råstoff. • Strategi handlar om å sjå i glaskula – var spennande orientering. Medisinbruk og multiresistente bakteriar – er vi flinke nok til å utnytte det låge forbruket/forekomsten vi har, samanlikna med andre land? • Produktutvikling på sau/lam: Nye grillpølser har ikkje lam. Er ikkje sagt noko om Thulefjord no, er einaste foredlinga vi har i Nord-Norge. Thulefjord viktig for Nortura. • Driv med gris og sau. Til jul handlar vi billeg ribbe, men pinnekjøt er dyrare. Til

	<p>sommaren er svinekotelettar rimeleg, og lam dyrare. Bruk av lam gjennom heile året er for därleg, er berre påske, haust og jul. Må lære folk å bruke produkta.</p> <p>Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmål.</p>
5	<p>Samanslåing av krets 1 Sør-Varanger og krets 2 Øst-Finnmark</p> <p>Bernt orienterte om at medlemsmøte i krets 1 Sør-Varanger 16.12.15 gjorde vedtak om at dei tilrår at kretsen vert nedlagt.</p> <p>Bernt oppmoda om at nummereringa av kretsane vert endra til fortløpende nummerering, utan opphald så det samsvarer med antal kretsar.</p> <p>Vedtak: Krets 1 Sør-Varanger vert slått saman med krets 2 Øst-Finnmark. Namnet vert krets 1 Øst-Finnmark.</p>
6	<p>Open post/lokale saker</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bjørn Tore Søfting, Merethe Sund, Einar Kristiansen, Berit Hundåla, Endre Østbø, Markus Heiberg, Vegard Svendsen og Svein Slåtsveen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forslag om at prisavviket/Nord-Norge trekket vert fjerna innan 2016. • Ber om tillit til at AU jobbar vidare med saka. • På tide at det vert gjort vedtak om avvikling av trekk. Er ikkje store beløpet for selskapet. Vil gje truverdigheit for selskapet, med samvirkeideologien at selskapet behandlar alle likt. Distriktstilskotet er ikkje styrt av Nortura, men forhandlingspartane i jordbruksoppgjeret. Ingen av dei vil ta tak i distriktstilskotet no. Be om at Nord-Norge trekket vert avvikla, med tidsfrist, for marsjordre til AU og styremedlem frå regionen. • Har site i landbruket sitt forhandlingsutval. Med dagens regjering kan vi vere sikre på at alt vert tatt opp, med sin distriktsfiendtlege politikk. Dersom vi lyfter prisen i Nord-Norge, og risikerer å misse distriktstilskotet, er vi villeg til å ta den risikoen? Må be om utgreiing av konsekvensane. Misser vi tillegga for Nord-Norge misser vi produksjon. • Trur ikkje forslaget vil bremse regjeringa i å ta bort tilskot. Vårt vedtak vil gje debatt i styret og AU si vurdering av saka. Må vere klar i Nord-Norge på kva vi ynskjer. • Styret i Nortura er ikkje i tvil om kva Nord-Norge ynskjer, for dette har vore tatt opp før. Vi ynskjer høgare pris som resten av landet, og resten av landet ynskjer vårt distriktstilskot. • Importosten til TINE betaler vi for alle som selskap. Ein reduksjon i volum vil føre til reduksjon for alle. Er ikkje eg fullverdig medlem av Nortura? Men ved tap på Hærland er eg fullverdig medlem som må vere med å ta belastninga. • Kan skyte oss i foten med å gjere for bastant vedtak. Ta handsopprekking for vidare framdrift. Ynskjer å støtte at AU jobbar vidare med saka. • Ved å ta opp saka her, har vi sett saka på sakskartet, for vidare oppfylging av AU og styret. • Årsaka til ynskje om tidsfrist er uttale frå Svebestad om at tida ikkje er inne for diskutere prisavviket. Tida vil aldri vere inne. Ynskjer handsopprekking om tidsfrist eller ikkje. • Ordlyden seier at vi skal stille eit krav om at det skal fjernast innan 2017. Kva skjer om ikkje det vert fjerna? Kva vert resultatet om vi vert nedstemt? Kan då gløyme neste runde. <p>Bernt, Teig og Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmål.</p> <p>Ei handsopprekking synte 6 stemmer for å krevje at Nord-Norge trekket må fjernast innan 2017.</p> <p>Vedtak: AU tek saka vidare til konsernstyret for behandling.</p>

7	<p>Val</p> <p>Det var 51 stemmeberettiga tilstades. Einar Kristiansen la fram valkomitéen si innstilling.</p> <p>Leiar i arbeidsutvalet: Bernt Mikalsen, Kvæfjord. Valet var skriftleg og Bernt Mikalsen vart valt for 1 år med 47 stemmer, 4 blanke.</p> <p>Nestleiar i arbeidsutvalet: Pål Ove Wika, Grane. Valet var skriftleg og Pål Ove Wika vart valt for 1 år med 47 stemmer, 4 blanke.</p> <p>Medlemar i arbeidsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsutvalsmedlem storfe: Fred Tore Fagereng, Bø, ny for 2 år Arbeidsutvalsmedlem småfe: Ragnhild Engan, Hamarøy, attval for 2 år Arbeidsutvalsmedlem: Endre Østbø, Dønna, attval for 2 år <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:</p> <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsutvalsmedlem gris: Merethe Sund, Sømna Arbeidsutvalsmedlem egg: Svein Slåttsveen, Lebesby <p>Varamedlemar til arbeidsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vara arbeidsutvalsmedlem storfe: Vegard Svensen, Lenvik, ny for 1 år Vara arbeidsutvalsmedlem småfe: Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år Vara arbeidsutvalsmedlem gris: Bente Børshheim, Vega, attval for 1 år Vara arbeidsutvalsmedlem egg: Sissel H. Johansen, Andøy, attval for 1 år Vara arbeidsutvalsmedlem: Anne May Olli, Karasjok, ny for 1 år <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Varautsendingar til årsmøtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Glenn Knædal, Andøy, for 1 år 2. Bente Børshheim, Vega, for 1 år 3. Sissel H. Johansen, Andøy, for 1 år 4. Vegard Svensen, Lenvik, for 1 år 5. Anne May Olli, Karasjok, for 1 år <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Valkomité i regionutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> Einar Kristiansen, Sortland, attval for 2 år Wanja Rakvaag, Rana, attval for 2 år Ajna Nystad, Skånland, ny for 2 år <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Øvrige valkomitémedlemar var ikkje på val:</p> <ul style="list-style-type: none"> Jan Håland, Porsanger Øyvind Knapstad, Alstahaug <p>Leiar i valkomitéen: Einar Kristiansen, Sortland, samrøystes valt for 1 år</p> <p>Nestleiar i valkomitéen:</p>
---	--

	<p>Wanja Rakvaag, Rana, samrøystes valt for 1 år</p> <p>Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sigurd Langfors, Leirfjord, for 1 år 2. Knut Joakimsen, Hadsel, for 1 år 3. John-Inge Henriksen, Porsanger, for 1 år <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p>
8	<p>Orientering frå årsmøtet sin valkomité</p> <p>Arne Magnus Aasen orienterte om valkomitéen sitt forslag.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Berit Hundåla og Bernt Mikalsen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Veldig fornøgd med Merethe Sund som første vara til styret, for ny rekruttering. Kvifor er region Vest utan representasjon i styret? Kan gå på bekostning av andre regionar, har ofte vore slik at kvar region har hatt ein i styret. • Er det diskutert at leiar av valkomitéen også er ordførar i Norges Bondelag? <p>Arne Magnus kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
9	<p>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord</p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om samhandlinga i verdikjeda rundt spesialitetar, produktutvikling Thulefjord, polarlam og andre produkt med lokal forankring. Medlemsenterleiar Pål-Kenneth Løvås og tilførselsleiar Arne Flatmo presenterte seg. Svein Inge orienterte vidare om målsetjingane for tilførselsarbeidet i regionen og marknadsandelane i Nord-Norge. Arne orienterte om prosjekta «Økt grovförbasert kjøtproduksjon i Troms og Finnmark» og «Kjøtt i Nordland». Svein Inge orienterte vidare om arbeidet med kjekjøt, Nortura Karasjok, eigedommsforhold Karasjok slakteeigedom, kalveslakting Finnmark, Nortura Målselv, Nortura Bjerka og vidare arbeid med spesialitetar frå regionen.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Berit Hundåla, Sigurd Langfors og Roy Harry Dypaune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjempebra med vidare arbeid med spesialitetar frå regionen. Kvifor vert ikkje ekspedisjonen i Harstad flytta til Målselv? • Kjøtt i Nordland-prosjektet har planlagt kongress samtidig med svinekongress på Hamar. • Vert det slakta mykje kalv i Målselv? <p>Svein Inge og Arne kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
10	<p>Arbeidet i kretsane og regionutvalet</p> <p>Bernt orienterte om arbeidet i arbeidsutvalet. Ei svinegruppe har vore etablert, og der har vore eit møte på bakgrunn av reduksjon i semintala i Troms. Nortura vil støtte ei oppretthalding av dagens produksjon og bevare det miljøet vi har.</p> <p>Svein Slåtsveen orienterte frå arbeidet i fagutval egg, med saker der utvalet har hatt påverknad på styret.</p> <p>Merethe Sund orienterte frå fagutval gris med viktigheita av distriktsgrisen, immunologisk kastrering, MRSA, Topigs Norsvin si satsing på Nortura Duroc, prisutvikling og marknadssituasjonen, og innspel til jordbruksforhandlingane.</p>

	<p>Ragnhild Engan orienterte frå fagutval småfe sitt innspel til jordbruksforhandlingane, marknadssituasjonen og behovet for tidlege leveransar.</p> <p>Morten Fredriksen orienterte om arbeidet i fagutval storfe med leveringsvilkåra, auka feittrekk, strategiplan for auka produksjon, innspel til jordbruksforhandlingane med felles møte med TINE, TYR og Geno, nye teljedatoar, og bekjempingsprogram mot BRSV- og Coronavirus.</p> <p>Bernt orienterte vidare om kretsutvalet sine oppgåver, korleis kretsutvalet kan skape tilhøyrighet til Nortura, tilførselsarbeid og budsjett. Brit Kari vil ha handlingsplan frå kretsane innan 15. mai.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Merethe Sund</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfordring til alle kretsar får til meir aktivitet. <p>Bernt kommenterte.</p>
--	--

Bernt takka Morten Fredriksen for innsatsen som tillitsvald i regionutval Nord-Norge.

Bernt Mikalsen
(sign.)

Birgitte Rørvik Bruun
(sign.)

Øyvind Knapstad
(sign.)